# Meland kommune

Tysseland Arkitektur AS
Valkendorfsgaten 9
5012 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Merethe Tvedt | 23.10.2017 |
| Vår: 17/2318 - 17/20932 | merethe.tvedt@meland.kommune.no | |

## Trong for tilleggsdokumentasjon- Søknad om oppføring av tomannsbustad BK 12, gbnr 23/567

Meland kommune har gått gjennom Dykkar søknad om oppføring av tomannsbustad i eitt trinn på gbnr 23/567 BK 12 i Elvaåsen journalført motteke 9.10.2017. Før vi kan handsame søknaden må følgjande sendast inn:

<u>Byggjegrense:</u>

Snitt teikning som er innsendt viser at carport til hus nr 14 er plassert utanfor byggegrense i reguleringsplanen. Reguleringslan føresegn § 2.1 omtaler at tiltak som nemnd i Pbl § 29-4 b kan plasserast nærare nabogrensa enn regulerte byggjegrenser. Carport er tilbygg til bustaden og kan ikkje plasserast nærare nabogrense eller utanfor byggjegrensa.

Tiltaket krev dispensasjon frå reguleringsplanen. Det må sendast inn eit situasjonskart som viser byggets plassering i forhold til byggjegrensa i plan. Dersom avstand frå carport til nabogrense blir mindre enn 4 meter, må det gjennom dispensasjonssøknaden grunngjevast etter Pbl § 19-2.

<u>Parkering:</u>
I reguleringsplanen står det at det skal vera parkeringsdekning for minimum 1,5 plass per bustad. Situasjonskartet som er innsendt viser berre 2 parkeringsplassar.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter Plan- og bygningslova § 20-1 er gjeve. Før søknaden kan handsamast må manglande dokumentasjon sendast inn. Søknaden vert stilt i bero til dette er på plass.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen | Merethe Tvedt |
| sektorsjef teknisk | rådgjevar byggjesak |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tysseland Arkitektur AS | Valkendorfsgaten 9 | 5012 | BERGEN |